



Innsats i BTI- barneverntenesta

For å treffe med rett tiltak vil det ofte vere hensiktsmessig at førebyggjande barnevern gjennomfører kartlegging av familien sin situasjon. Då er kontaktpersonar i tenesta:

0-5 år:	Ragnhild Dale Valvatne	ragnhild.dale.valvatne@stord.kommune.no - Tlf 901 03 004
6-12 år:	Solfrid Burkeland Smith	solfrid.burkeland.smith@stord.kommune.no - Tlf 975 52 227
13-18 år:	Maria Kristin Særsten	maria.kristin.saersten@stord.kommune.no - Tlf 480 685 45

Dersom det er gjennomført grundig kartlegging av familien og barnet sin situasjon, barnet si stemme kjem tydeleg fram, og det er tydeleg at familierettleiing kan setjast i gong utan meir kartlegging, kontakt:

Kontakt-BTI: Malene Rosland Eldøy malene.rosland.eldoy@stord.kommune.no - Tlf 99 01 54 07

NAMN PÅ TILTAKET: Kartlegging	GJELD NIVÅ: 2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år	
Omfang: Ei kartlegging vil kunne innehalde samtalar med barn og foreldre/ heimebesøk/ observasjon av samspel i familien. Individuell vurdering ut frå familien sine utfordringar og behov.	Kontaktperson i tenesta: Sjå øvst på sida
Omtale av tiltaket: Møte med familien og eventuelt nettverk for å kartleggje og sortere fokus for vidare arbeid. Til dømes kartlegging av samspel i familien, kva faktorar som kan ha innverknad på samspelet/ barnet si evne til å regulere seg og kva ressursar det er i familie og nettverk. Fokus på å få fram barnet si stemme.	



NAMN PÅ TILTAKET: Tibir foreldrerådgjeving (Tidleg innsats for barn i risiko. Tidlegare PMTO-rådgjeving)	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: Barn 3-12 år, der reguleringsvanskar hos barnet kjem til syne på ulike måtar.	
Omfang: Rådgjeving med ein familierettleiar ein gong per veke, individuell vurdering av antal møte ut frå familien sitt behov. Evaluering etter 3 månader.	Kontaktperson i tenesta: Sjå side 1.
Omtale av tiltaket: Foreldrerådgjevinga tek sikte på å hjelpe familien på eit så tidleg tidspunkt som mogleg. Gjennom rådgjevingssamtalar og rettleiing kan foreldra få hjelp til å førebyggja reguleringsvanskar og bidra til ei positiv utvikling hjå barnet. • Både foreldra bør delta om dei bur saman. Det anbefalast at steforeldre som bur saman med barnet deltek. • Døme på tema i rådgjevingssamtalen er: - Samarbeid og gode beskjedar - Læring av nye ferdigheter gjennom systematisk bruk av ros og oppmuntring - Grensesetjing - Tilsyn og oppfølging - Problemløysing knytt opp mot daglege utfordringar i familien - Foreldra får øva på korleis dei kan møte barnet på ein måte som kan snu uheldig utvikling	

NAMN PÅ TILTAKET: Marte Meo- rettleiing	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år	
Omfang: Individuell vurdering ut frå familien sitt behov. Evaluering etter 3 mnd.	Kontaktperson i tenesta: Sjå side 1.
Omtale av tiltaket: Marte Meo har som mål å styrka og utvikla samspelet mellom foreldre og born. I Marte Meo vert filmrettleiing brukt. Det vil seie at familierettleiar filmar samspelet- korleis den vaksne er saman med bornet. I etterkant ser ein på opptaket saman. Når ein saman studerer korte sekvensar frå kvardagssituasjonar kan ein stoppa opp, spola attende og sjå skritt for skritt kva som verkar i samspelet. «Utanfrå-blikket» kan bidra til å sjå nye sider ved bornet, eller ved seg sjølv som voksenperson, og gi ny kunnskap om relasjonen. På den måten kjem motivasjonen og evna til endring og utvikling frå foreldra sjølv. Når ein ser på opptak av seg sjølv saman med bornet, viser det kva bornet treng for å få støtte i si utvikling. Opptaka viser og kvar utfordringane ligg. Rettleiinga handlar i korte trekk om positiv rettleiing. Det handlar ikkje om kva ein bør gjere, men kva ein gjer som er bra. Kva er det i dette samspelet, og måten å vere saman på, som fungerer? Som fagpersonar erfaren ein ofte at foreldre, lærarar og andre gjer meir av det som verkar, når dei vert tekne «på fersk gjerning» i å lukkast.	



NAMN PÅ TILTAKET: COS-P	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år	
Omfang: Om lag 10 møtepunkt med familien, derav to i heimen.	
Omtale av tiltaket: COS-P/ tryggleikssirkelen er eit foreldrerettleiingsprogram som bygg på forskning om tydinga av tilknytting mellom omsorgsgivarar og deira born. Hovudmålet er å bli bevisst borna sine behov, møte bornet sine behov på ein god måte og å vera bevisst eigne reaksjonar når bornet vert opplevd som utfordrande. Born har behov for ein trygg base (omsorgsgivarane), og behov for at omsorgsgivarane støttar bornet si utforsking ved å passe på det, gle seg over det, hjelpe det og å ha det fint saman med det. Bornet har behov for å bli tatt imot med opne armar når det kjem til omsorgsgivarane sine. Å bli tatt imot tyder for bornet at det opplev at omsorgsgivarane beskyttar, trøstar, viser godhet og organiserer bornet sine følelsar. Bornet har då ei trygg hamn det kan bevege seg ut frå, og koma attende til. Omsorgsgivar skal alltid vere større, sterkare, klokare og god. Når det er mogleg skal omsorgsgivar følge bornet sine behov og når det er naudsynt ta tak og rettleia bornet. Dersom vi er harde, svake eller fjerne vert bornet redd, og når dette skjer over tid lærer ikkje bornet at det kan få hjelp frå andre når det har behov for det. Gjennom bruk av tryggleikssirkelen skal omsorgsgivar få hjelp til å auka evnene sine til å observere bornet sitt, trekke slutningar ut frå observasjonane sine og setje ord på samspelet mellom seg og bornet sitt. Terapeuten er omsorgsgivarane si «trygge hamn» under opplæringa i bruk av tryggleikssirkelen. Vegen til tryggleik består i å ha eit kart (tryggleikssirkelen), å kunna sjå seg sjølv og bornet sitt utanfrå, og å snakka om kva eg gjer for at bornet mitt skal kjenne seg trygt og kva meir eg eventuelt kan gjere for at bornet mitt skal kjenne enda meir tryggleik. Dette inkluderer og å gjenkjenne ubehag, anerkjenne ubehag og likevel møte bornet sitt behov med tryggleik.	

NAMN PÅ TILTAKET: COS-I (Cos Intervention)	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 1-8	
Omfang: Minst 12 treffpunkt.	Kontaktperson i tenesta: Sjå øvst
Omtale av tiltaket: COS intervention er eit djuptgåande og omfattande tiltak. I forkant av behandlinga vert relasjonen mellom barnet og foreldra utreda. Utredinga består av ei utvida framandsituasjonutredning. I tillegg vert foreldra intervjuet med Circle of security-intervjuet som har tre komponentar: 1) Omsorgspersonen si oppleving av framandromsituasjonen 2) Tankar knytt til barnet og relasjonen med barnet og 3. Tankar knytt til eigen oppvekstshistorie. På bakgrunn av både samspelsobservasjonen og informasjonen frå omsorgspersonaen vert det laga ein individuell behandlingsplan. Foreldra mottek psykoedukasjon om tilknytting, parallelt med at familierettleiar med utgangspunkt i Framandsituasjonen jobbar med videoklipptilbakemeldingar.	

NAMN PÅ TILTAKET: AIM 2-kartlegging	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 10-18 år	
Omfang: Individuell vurdering ut frå familien sitt behov.	Kontaktperson i tenesta: Sjå øvst
Omtale av tiltaket: AIM er eit kunnskapsbasert verktøy for utredning, behandling og anna type oppfølging av barn/ ungdom som er sterkt mistenkt for eller har utøvd skadeleg seksuell atferd (SSA). AIM gir god mulighet for utvikling av felles forståing, håndtering av og tryggleiksplan for borna/ ungdommane som har utøvd SSA og deira pårørande. AIM-kartlegging tilbys i samarbeid med BUP når eit barn syner SSA.	



NAMN PÅ TILTAKET: Generell rettleiing/ praktisk rettleiing frå familierettleiar eller miljøterapeut.	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år. Til føresette/ omsorgspersonar for barn eller ungdom, samt samtalar med barnet/ ungdommen der ein vurderer det som naudsynt.	
Omfang: Etter behov og individuell vurdering.	Kontaktperson i tenesta: Sjå øvst
Omtale av tiltaket: Rettleiinga kan til dømes vera knytt til utfordringar som: 1) Psykososiale vanskar: Samtalar vert nytta til føresette og born/ ungdom, for å dempe vanskane. Teikn på psykososiale vanskar kan vere: • mykje tristhet • sinne • orkar ikkje gå på skulen • sosial tilbaketrekking • auka sårbarhet Årsakar kan vere: • ulike typar vanskar på skulen, fagleg eller sosialt • mobbing i eller utanfor skulen • vanskelege tilhøve i heimen • flytting, vanskar med å etablere nye vener 1) Foreldrekonfliktar: Informasjon til og refleksjon saman med foreldre angående kor skadeleg det er for borna at dei lev i konflikt, også etter skilsmisse. Ein nyttar samtalar med foreldra for saman å jobba fram konstruktive løysingar for å få ned konfliktnivået. 2) Strukturering av kvardagen: Gjennom samtalar og praktisk øving hjelp ein føresette til å organisera og strukturera kvardagen for å gi born og ungdommar ein trygg, føreseieleg kvardag. 3) Rusproblematikk: Samtalar med foreldre og ungdommar vedrørande rusproblematikk, ein kan og arbeide saman med samarbeidsinstansar for til dømes ruskontroll. I generell rettleiing nyttar familierettleiar/ miljøterapeut tilknyttingsteori som utgangspunkt for rettleiing.	



NAMN PÅ TILTAKET: EuroADAD	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: Ungdom 13-18 år	
Omfang: Inntil tre samtalar med ungdommen.	Kontaktperson i tenesta: Sjå øvst.
Omtale av tiltaket: EuroADAD er eit strukturert intervju som skal gi eit samansett bilete av ungdommen sin opplevde livssituasjon. Intervjuet består av sju område: • Fysisk helse • Skule • Sosiale tilhøve • Familie • Psykisk helse • Kriminalitet • Alkohol/ narkotika Ved hjelp av intervjuet skal ein kome fram til ein vurdering av ungdommen sitt omfang av utfordringar og hjelpebehov innanfor kvart område.	

NAMN PÅ TILTAKET: Samtale med barn i vanskelege livssituasjonar knytt til heim og omsorgssituasjon.	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: Born og ungdom 0-18 år.	
Omfang: Individuell vurdering ut frå behov.	Kontaktperson i tenesta: Sjå øvst.
Omtale av tiltaket: Individuelle samtalar med fokus på aktuell problemstilling som til dømes vald, overgrep, konflikthar i heim og omsorgssituasjon, sorg og andre traumereaksjonar.	